


Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



P Parkering

WC Toalett

Matservering

Drikkevatn

* Utkikkspunkt

i Informasjonsskilt

Campingplass

Fister og Skjekkjesåsen

Stemmen ved Hetlandsvatnet på Fister er utgangspunkt for eit heilt nett av turløyper. Den største utfordringa er turen til toppen av 324 meter høge Skjekkjesåsen (namnet kjem av skakk). Rundturen til Skjekkjesåsen tek om lag 2,5 timer. Andre toppturar i det same området er turane til Heståsen og Rabnafjedlet. Dei tek begge om lag 1,5 timer.

I tillegg til alle dei merka løypene, er det også mange skogsvegar og umerka løyper i dette området. Ein kan mellom anna gå til Nessa eller Sigmundstad. I området finn ein også den gamle husmannstufta Svindalsplassen og den vesle hytta Einars kvile, der ein kan strekkje på beina og registrere seg i gjesteboka. Det er også råd å parkere ved Fister skule, og ha det som startpunkt.



Utsikt frå Skjekkjesåsen mot Stavanger. Nordre Strand til venstre. Fisterøyane til høgre. (Foto: Paul Øvrehus)